

# Digital strategi – til 2021

## Innleiing

Digitalisering ved HVO handlar om å bruke teknologi til forenkling, fornying og forbetring av kjerneverksemd og tenester. Digitalisering skal:

- auke kvaliteten på utdanning, forskning, formidling og innovasjon
- fornye og standardisere arbeidsprosessar som gjer HVO meir effektiv og brukarorientert
- forbetre samhandling internt og eksternt

## Hovudsatsing:

HVO skal:

- gi studentane fagleg digital kompetanse og digital dømekraft
- styrke den digitale kompetansen blant våre tilsette
- tilrettelegge for ein delingskultur
- vere blant dei fremste på e-læring
- ha ein gjennomgåande digitalisert og brukarorientert infrastruktur

## Delmål Utdanning

Studentane skal møte aktiviserande og varierte digitale lærings- og vurderingsformer.

HVO skal legge til rette for digital samhandling mellom studentar, og mellom studentar og undervisarar.

Gjennom kompetanseheving, utviklingsstøtte og infrastruktur skal HVO gjere alle fagmiljø trygge og medvitne om kva som er god pedagogisk bruk av digitale ressursar og kva som kjenneteiknar god digital didaktikk i læringsprosessar.

Fagleg tilsette skal integrere digital kompetanse og formidling i fag, og stimulere til kritisk tenking med omsyn til bruken av digitale verkemiddel.

## Delmål Forsking og utvikling

Forskarar skal styrke sin digitale kompetanse og bruke den der det fører til betre forskning.

Forskarar skal sikre at forskingsdata blir handtert i samsvar med dei gjeldande retningslinjene for digital lagring av forskingsdata.

Dei fagleg tilsette skal kunne nytte digitale verktøy i kvalitetssikring av og i forskning på eiga undervising.

HVO skal tilgjengeleggjere og dele forskingsdata for å fremje utvikling og vidare forskning på feltet.

HVO skal leggje til rette for open publisering av forskinga vår.

## Delmål Samfunnsoppdrag og kunnskapsdeling

HVO skal bruke digitalisering til å fremje innovasjon og skape god samhandling i samspel med arbeidslivet for å møte behov i samfunnet.

HVO skal vidareutvikle fleksible studietilbod med digitale undervisings- og vurderingsformer for å møte behov for relevant livslang læring.

## Delmål Organisasjon og menneskelege ressursar

Informasjon, kommunikasjon og tenester skal vere digitalt tilgjengelege, automatiserte og sjølvbetente.

HVO skal involvere studentane i utviklinga av digitale løysingar.

HVO skal leggje til rette for nye digitale samhandlingsarenaer og arbeidsmetodar.

HVO skal prioritere standardiserte arbeidsprosessar, fellesløysingar og –tenester som er brukarvenlege i val av digitale løysingar.

HVO skal verdsette digitalt initiativ og utvikling.

HVO skal ha ein god kultur for informasjonssikkerheit og personvern.

Leiinga skal fremje ein kultur for omstilling gjennom kompetanseheving og moderne infrastruktur.

Leiinga skal leggje til rette for og støtte opp om naudsynte endringar som følgje av den digitale transformasjonen.